



Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Opplæring

Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Stadlandet 30.01.2017

### **Nytt inntakssystem i vidaregåande skule.**

Vi har registrert at fylkeskommunen har innført nye reglar/ framgangsmåte for inntak til vidaregåande skule og at vedleggsskjema 1,2,og 3 er vorte borte. I tillegg er kven som skal søkjast inn på særskilt innen 1 februar vorte svært skore ned / begrensa. Mens gruppa som skal søkjast inn på ordinære vilkår er vorte langs større / fleire. Målet med dette er at flest mogleg skal kunne få tilrettelagt opplegg og ikkje spesialundervisning i vidaregåande skule.

Autismeforeininga i Sogn og Fjordane synes tiltaket om at fleire skal få tilrettelagt opplegg og ikkje spesialundervisning er svært positivt tiltak. Men vi vert samtidig svært urolig på vegne av våre medlemmer og deira pårørande. Det store spørsmålet er om dei vil få den hjelpa dei treng for å fullføre vidaregåande utdanning eller om dei vert ein del av «dropout» statistikken til fylkeskommunen.

**Vi har forstått det slik at ein skal prøve ut tilpassa opplæring i 6-7 veker FØR ein gjer vedtak om spesialundervisning til enkelt elevar etter inntak på ordinære vilkår?**

For det første har mange av våre medlemmer store utfordringar som ikkje er fagrelaterte, men knytt opp mot sosiale, medisinske samt samhandlings utfordringar som ikkje kjem til å syne att på eit vitnemål. Desse treng overlapping av informasjon og personale. **Det er derfor viktig at desse får ein oppstart som er positiv for både lærar, medelevar og eleven sjølv.** Viss ein ikkje skal få på plass naudsynt opplegg/oppfølging før etter 6-7 veker kan det ha skjedd ting som er vanskeleg å rette opp i , og sjansen for tidleg «dropout» vert desverre ganske stor. Det er derfor viktig med at fagpersonale og tidleg oppfølging kjem i gang ved skulestart.

Autisme/Aspergerelever er som alle andre ungdommar ikkje nødvendigvis flinke i alle fag. Nokre er svært flinke teoretisk og andre er flinke praktisk – nett slik som alle andre. Men våre ungdommar har ofte store utfordringar på andre områder som gjer at dei må «plasserast» på bestemte avdelingar/klassar for å ha ein liten sjanse for å kunne gjennomføre.

Mange av desse elevane vil gå ut i arbeidslivet med eit kompetansebevis og ikkje fullstendig vitnemål. Desse må vi også ivareta i det nye systemet.

**Med det nye inntakssystemet må ein ha fritak for karakter i minst halvparten av faga for å kome inn på særskilt ?**

Autismeforeninga fryktar at ein kan få ei utvikling at mange foreldre og elevar må satse på fritak av karakterer sidan den andre måten er vorten lukka for dei. Ynskjer vi denne utviklinga med at fleire og fleire elevar går ut av ungdomskulen med ufullstendig vitnemål for å oppnå ein skuleplass i vidaregåande skule ? for å oppnå ein skuleplass på den linja dei ynskjer? Tidlegare kunne dei søkje seg inn på bestemt linje etter vedleggskjema 1 og truleg komme inn på den.

I tillegg krev dette nye systemet at ein har fagfolk ute på kvar avdeling/klasse som kan hjelpe til i dei nye klassane sidan mange ikkje kjem inn «med papir». Korleis vil fylkeskommunen «ruste» kontaktlærarane og dei andre lærarane i dei ulike klassane for å ta imot desse elevane når det ikkje føl med noko , korkje informasjon, overlapping el.?

Mange av desse elevane har hatt anten assistent/ miljøarbeider eller andre, som har følgt dei opp dei fleste timane + ofte særskilte lekseplanar osb. Korleis trur fylkeskommunen dei vil fungere når dei får mange å forhalde seg til? Alt nytt i rom, bøker, personale, bygg, osb? Kven skal då ha ansvaret med å følje desse rundt og følje dei opp? Kontaktlærar? Ein treng ikkje mindre oppfølging sjølv om ei byrjar på vidaregåande , der er alt nytt og uforutsigbart noko som er ei stor utfordring for våre medlemmer som somsagt treng streng struktur og forutsigbarheit.


Våre medlemmer treng forutsigbarheit, få og faste personar, streng struktur og kunnskap / fagkompetanse hjå dei som skal omgås våre medlemmer. Med det nye systemet vil dei fleste av våre medlemmer falle imellom to stolar. Mange av dei er flinke fageleg eller praktisk, men ha ein svært ujamn evneprofil med svært ulike kvardagsutfordringar. Dei må derfor ha dagleg oppfølging for å kunne fungere. Tilpassa opplæring kan gjerne vere tingen for nokre av våre medlemmer etter at dei har fått ein positiv og forutsigbar skulestart over nokre veker. Men å setje inn tiltak etter 6-7 veker etter skulestart er mest sannsynleg bortkasta. Mesteparten kan då vere borte frå skulen for lengst og ein del av ein annan statestikk – dropout.

Vi ber derfor fylkeskommuna om å sjå på nytt inntakssystem og ha forståing for vår bekymring at ein slik endring skal innførast for våre ungdommar. Vi står gjerne til disposisjon om de skulle ynskje det.

Mvh

Autismeforeninga i Sogn og Fjordane

Gunn Sande



Kopi : hovedutval for opplæring